

Innkalling

Utval	Ålesund kontrollutval
Møtestad	Lerstadvegen 545, 3. etg kantina
Dato	02.06.2022
Tidspunkt	kl 16:00

Den som har lovleg forfall eller vil ha vurdert habilitet til ei eller fleire av sakene, må melde frå snarast mogleg til sekretariatet på e-post: post@sksiks.no eller på telefon 90741399

Varamedlem møter etter nærare innkalling.

Sak om uttale til Ålesund kommune sitt regnskap vert ettersendt fredag 27.5 om det er klart. Sekretariatet har ikkje motteke verken revidert rekneskap eller revisor si melding i skrivande stund, og desse dokumenta må ligge føre for at sekretariatet skal kunne gjere forsvarleg saksførebuing til uttalen.

Sakliste

- PS 11/22 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
- PS 12/22 Nummerert brev 01/2022 frå revisor om Ålesund kommunale eigedom KF
- PS 13/22 Uttale årsrekneskap og årsmelding 2021 - Ålesund kommunale eigedom KF
- PS 14/22 Uttale årsrekneskap og årsmelding 2021 - Ålesund brannvesen KF
- PS 15/22 Uttale årsrekneskap og årsmelding 2021 - Møre og Romsdal 110-sentral KF
Ålesund kommune
- PS 16/22 Uttale årsrekneskap og årsmelding 2021 - Ingebrigt Davik huset Ålesund KF
- PS 17/22 Meldingar
- MS 08/22 Kommunedirektøren sin årsrapport 2021
- MS 09/22 Informasjon om generalforsamlingar 2022 i kommunalt eigde selskap
Ålesund
- MS 11/22 Oppfølging av tidlegare orientering om reglement for folkevalde
- MS 12/22 Henvending med spørsmål om lovlighetskontroll

Ålesund, 25.05.2022

Bente Bruun
Leiar kontrollutval

Solveig Kvamme
Rådgjevar SKS IKS

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 11/22	Ålesund kontrollutval	02.06.2022

Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Vedlegg

Protokoll - Ålesund kontrollutval - 02.03.2022

Møteprotokoll

Utval	Ålesund kontrollutval
Møtestad	Lerstadvegen 545, 3. etg kantina
Dato	02.03.2022
Tidspunkt	kl 16:00 - 18:00

Følgjande medlemmer møtte

Bente Bruun
Kåre Alfred Hanken

Forfall

Jannicke Strømmen
Knut Helge Vestre
Terri-Ann Senior

Møtande varamedlem

Terje Devold

Varamedlem kunne ikkje møte

Møtenotat

Frå kommuneadministrasjonen møtte kommundirektør Steven Hasseldal, stabssjef økonomi og verksemdstyring Lars Fylling og kommunalsjef oppvekst Bjørn Ivar Rødal, på orienteringssakene i starten av møtet.

Frå MR revisjon møtte oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor Linn Gunhild Pettersen.

Frå sekretariatet møtte rådgivar Solveig Kvamme.

Bente Bruun
Leiar kontrollutval

Solveig Kvamme
Rådgjevar SKS IKS

Sakliste

- PS 07/22 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
- PS 08/22 Orienteringar
- OS 01/22 Orientering om status økonomi
- OS 02/22 Orientering om omstilling innan skulesektoren/oppvekst
- OS 03/22 Orientering om kommunedirektøren si omorganisering
- PS 09/22 Oppfølging av kommunestyrevedtak knytt til
forvaltningsrevisjon sjølvkost
- PS 10/22 Meldingar
- MS 04/22 Invitasjon til fagkonferanse kontrollutval - Forum for kontroll og
tilsyn FKT 8.- 9.06.2022
- MS 05/22 Status eigarskapskontroll 2022 Ålesund
- MS 06/22 Status forvaltningsrevisjon kvalitet innan heimetenesta Ålesund
- MS 07/22 Status arbeid med revisjon av årsrekneskap og årsmelding 2021
Ålesund

PS 07/22 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Ålesund kontrollutval 02.03.2022

Behandling

Votering: Samrøystes

ÅKU - 07/22 vedtak

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

PS 08/22 Orienteringar

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringane til vitande.

Ålesund kontrollutval 02.03.2022

ÅKU - 08/22 vedtak

Kontrollutvalet tek orienteringane til vitande.

OS 01/22 Orientering om status økonomi

Tilråding til vedtak:

Kontollutvalet tek orienteringa til vitande.

Ålesund kontrollutval 02.03.2022

Behandling

Stabssjef økonomi og verksemdstyring Lars Fylling orienterte om status for økonomien i kommunen. Utvalet fekk stille spørsmål undervegs. Alle styringssystema no skal tilpassast ny organisering, så også budsjettet. Dette er planlagt å vere klart til 1.7.

Votering: Samrøystes

ÅKU - 01/22 vedtak

Kontollutvalet tek orienteringa til vitande.

OS 02/22 Orientering om omstilling innan skulesektoren/oppvekst

Tilråding til vedtak:

Kontollutvalet tek orienteringa til vitande.

Ålesund kontrollutval 02.03.2022

Behandling

Kommunalsjef Bjørn Ivar Rødal informerte om lærarnorma og korleis Ålesund følgjer denne. Utvalet fekk stille spørsmål undervegs. Statsforvaltaren følgjer opp der det er avvik og har gitt frist til å lukke avvika innan 30.04.2022. Skulane (den enkelte verksemd) må sjølve disponerer ressursane sine slik at dei held seg innanfor lærarnorma, norma opnar ikkje for å sjå kommunen under eitt.

Votering: Samrøystes

ÅKU - 02/22 vedtak

Kontollutvalet tek orienteringa til vitande.

OS 03/22 Orientering om kommunedirektøren si omorganisering

Tilråding til vedtak:

Kontollutvalet tek orienteringa til vitande.

Ålesund kontrollutval 02.03.2022

Behandling

Kommunedirektøren orienterte utvalet om korleis organisasjonskartet no ser ut. Nesten alle tilsette av dei det gjeld, er allereie innplasserte på nytt.

Votering: Samrøystes

ÅKU - 03/22 vedtak

Kontollutvalet tek orienteringa til vitande.

PS 09/22 Oppfølging av kommunestyrevedtak knytt til forvaltningsrevisjon sjølvkost

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet inviterer kommunedirektøren til å gje ei orientering om korleis vedtak etter forvaltningsrevisjon innan sjølvkost tekniske tenester er fulgt opp, på kontrollutvalet sitt møte 27.04.2022.

Ålesund kontrollutval 02.03.2022

Behandling

Votering: Samrøystes

ÅKU - 09/22 vedtak

Kontrollutvalet inviterer kommunedirektøren til å gje ei orientering om korleis vedtak etter forvaltningsrevisjon innan sjølvkost tekniske tenester er fulgt opp, på kontrollutvalet sitt møte 27.04.2022.

PS 10/22 Meldingar

MS 04/22 Invitasjon til fagkonferanse kontrollutval - Forum for kontroll og tilsyn FKT 8.- 9.06.2022

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Ålesund kontrollutval 02.03.2022

Behandling

Dette er ein fagkonferanse til fornying, fagleg påfyll og nettverksbygging for kontrollutvala. Kontrollutvalet sine medlemmer må sjølve melde seg på innan fristen 19.04.2022. (Bruk medlemspris) Reiserekning vert å sende kommunen. Sekretariatet sender ei påminning til utvalet når fristen nærmar seg.

Votering: Samrøystes

ÅKU - 04/22 vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

MS 05/22 Status eigarskapskontroll 2022 Ålesund

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Ålesund kontrollutval 02.03.2022

Behandling

Votering: Samrøystes

ÅKU - 05/22 vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

MS 06/22 Status forvaltningsrevisjon kvalitet innan heimetenesta Ålesund

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Ålesund kontrollutval 02.03.2022

Behandling

Votering: Samrøystes

ÅKU - 06/22 vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

MS 07/22 Status arbeid med revisjon av årsrekneskap og årsmelding 2021 Ålesund

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Ålesund kontrollutval 02.03.2022

Behandling

Alle årsrekneskapa samt konsolidert rekneskap er levert revisor innan fristen 22.02.2022.

Votering: Samrøystes

ÅKU - 07/22 vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
PS 12/22	Ålesund kontrollutval	02.06.2022

Nummerert brev 01/2022 - frå revisor om Ålesund kommunale eigedom KF

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet bed revisor om å sjå etter og kontrollere at Ålesund kommunale eigedom KF etablerer ein praksis som sikrar at lovverket vert fulgt. Og at revisor melder tilbake til kontrollutvalet.

Bakgrunn:

I følgje kommunelova § 24-7 skal revisor melde frå skriftleg til kontrollutvalet om følgjande forhold, dersom forholda blir vurderte som vesentlege:

- feil som kan føre til feilinformasjon i årsrekneskapen
- manglar ved registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningane
- manglar ved den økonomiske internkontrollen
- manglande eller mangelfull forklaring på vesentlege avvik mellom rekneskap og budsjett

Revisor skal i nummererte brev alltid melde frå om følgjande forhold:

- kvar mislege handling (uavhengig av kor vesentleg ho er)
- grunngjevinga for manglande underskrift på oppgåver som kommunen skal sende til offentlege myndigheiter, og som revisor etter lover eller forskrifter skal stadfeste
- grunngjevinga for å seie frå seg revisjonsoppdraget

Utover desse punkta står revisor fritt til å melde frå om andre vesentlege forhold i nummererte brev.

Revisor skal sende nummererte brev til kontrollutvalet med kopi til kommunedirektøren. Normalt vil det vere kommunedirektøren som har ansvaret for å rette opp eller følgje opp dei feil og manglar mv. som revisor har teke opp. Når det gjeld kommunale foretak så vil det vere styret ved dagleg leiar som har ansvar for å følgje opp.

Vurdering:

Revisor har sendt kontrollutvalet eit nummerert brev nr 1/22 datert 19. april 2022, knytt til forhold hjå Ålesund kommunale eigedom KF. Revisor tek her opp forhold knytt til skattetrekksmidlane og lovbrøt knytt til dette. Som følgje av tek revisor atterhald knytt til attestasjon av kontrolloppstillinga til løns- og pensjonskostnader.

Revisor kan i kontrollutvalet sitt møte gjere nærare greie for bakgrunnen for det nummererte brevet og grunngjevinga for at revisor sitt atterhald. .

Dagleg leiar i Ålesund kommunale eigedom KF sin representant vil vere tilstades i møtet og kan gjere greie for om føretaket har sett i verk tiltak som endrar det omtalte forhold.

Det er opp til kontrollutvalet, etter å ha fått informasjon både frå revisor og føretaket, til å vurdere om dette er eit forhold som er så viktig at dei ynskjer å gjere kommunestyret kjent med det. Eller om kontrollutvalet kjenner seg trygg på at forholdet no vert retta opp med rutiner som sikrar at praksis i føretaket er innanfor lovverket.

Vedlegg

Nummerert kommunikasjon nr. 1-2022 for Ålesund kommunale Eigedom KF

Til kontrollutvalget i Ålesund kommune

Kopi:
Kommunedirektøren
Styret

Nummerert kommunikasjon nr. 1 for Ålesund Kommunale Eigedom KF

I forbindelse med vår revisjon av Ålesund Kommunale Eigedom KF sitt årsregnskap for 2021 plikter vi iht. kommuneloven §24-7 og god kommunal revisjonsskikk å informere om observasjoner som fremkommer under revisjonen og som etter vår mening er viktige og relevante i forhold til kontrollutvalgets overordnede ansvar for det kommunale foretakets styring og kontroll.

Revisors formål med revisjonen er å gi uttrykk for en mening om regnskapet. Revisjonen omfatter en vurdering av den interne kontrollen knyttet til utarbeidelsen av regnskapet for å utføre revisjonshandlinger som er hensiktsmessige ut fra omstendighetene, men ikke med det formål å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av den interne kontrollen. Forholdene som rapporteres begrenser seg til de manglene som vi har identifisert under revisjonen og som vi mener er tilstrekkelig viktig til at de fortjener å bli rapportert til kontrollutvalget. Rapporteringen gir således ikke en fullstendig oversikt over de svakheter som eventuelt måtte foreligge.

Beskrivelse av forhold

Skattetreksmidler

Skattebetalingsloven inneholder bestemmelser om at foretaket plikter å holde forskuddstrekk på særskilt sperret konto (skattetrekskonto) i forbindelse med lønnsutbetaling.

Vi registrerer at foretaket ikke har behandlet skattetreksmidlene i samsvar med skattebetalingsloven § 5-12. Foretaket har per ovennevnte tidspunkt ikke tilstrekkelige midler innestående på bankkonto for dekning av skattetrekk og utleggstrekk. Det er heller ikke stilt betryggende bankgaranti for beløpet. Arbeidsgiver plikter i henhold til lov om betaling og innkreving av skatte og avgiftskrav av 1.1.2009 (skattebetalingsloven) å gjennomføre skattetrekk og utleggstrekk i ansattes lønn. Det stilles i skattebetalingsloven § 5-12 enkelte krav til oppbevaring av de trukne midlene:

- De trukne beløp tilhører skatte- og avgiftskreditorene. Beløpene holdes innsatt på særskilt bankkonto (skattetrekkonto). Det kan i stedet stilles en bankgaranti for trekkansvaret, eller skattetrekkontoen kan til enhver tid holdes på et nivå som dekker løpende trekkansvar. Dekkes ikke det trukne beløp av bankgarantien eller av tidligere oppfylling på skattetrekkonto, må overskytende beløp innsettes på skattetrekskonto.
- Innsetting på skattetrekkonto skal skje senest første virkedag etter lønnsutbetaling. Bankgaranti eller oppfylt skattetrekkonto som trer i stedet for innsetting, skal foreligge ved lønnsutbetaling.

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Vi vil omtale forholdet i revisjonsberetningen for 2021 under avsnittet «Andre forhold», med følgende ordlyd: «Foretaket har ikke behandlet skattetrekkmidler i samsvar med bestemmelsene i skattebetalingsloven § 5-12».

Lovbruddet medfører også at vi ikke vil signere RF-1022 Lønns- og pensjonskostnader (kontrolloppstillingen).

Iht. Skatteforvaltningsforskriften § 7-2-11 har revisor plikt til å oversende skriftlig begrunnelse til Skatteetaten når vi konkluderer med at vi ikke kan attestere RF-1022 Lønns- og pensjonskostnader (kontrolloppstillingen).

Forslag til forbedringer

Vi anbefaler at ledelsen i Ålesund Kommunale Eigedom KF etablerer rutiner som sikrer at foretaket overholder skattebetalingslovens regler. Som et alternativ til løpende avsetning er det etter loven anledning til å holde et fast beløp på sperret konto eller det kan stilles en bankgaranti. Ledelsen må da forsikre seg om at avsatt beløp til enhver tid er tilstrekkelig til å dekke skyldig forskuddstrekk og utleggstrekk.

Ålesund, 19.april 2022

Møre og Romsdal Revisjon SA



Linn Gunhild Pettersen
oppdragsansvarlig revisor

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 13/22	Ålesund kontrollutval	02.06.2022

Uttale årsrekneskap og årsmelding 2021 - Ålesund kommunale eigedom KF

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet har vurdert det dei har fått lagt fram av dokument og informasjon. På bakgrunn av at kontrollutvalet i dialog med revisor ikkje er gjort kjent med andre forhold som kunne hatt konsekvens for uttalen frå kontrollutvalet enn det atterhaldet som revisor tek knytt til ein attestasjon, uttaler kontrollutvalet følgjande (jf. kommunelova §14-3):

Etter ei samla vurdering vil kontrollutvalet tilrå Ålesund kommunestyre å godkjenne årsrekneskap og årsmelding 2021 for Ålesund kommunale eigedom KF.

Bakgrunn:

Kontrollutvalet skal med heimel i kommunelova § 14-3 og forskrift om kontrollutval og revisjon § 3, gje sin uttale til årsrekneskap og årsmelding før formannskapet skal gje si innstilling til vedtak til kommunestyret.

Kontrollutvalet sin uttale skal, saman med revisjonsmeldinga, følgje behandlinga av årsrekneskap og årsmelding 2021 via formannskapet til kommunestyret.

Grunnlaget for behandling av saka på Ålesund kontrollutval sitt møte 02.06.2022 er Ålesund kommunale eigedom KF sitt årsrekneskap, udatert, og årsmelding 2021, udatert, samt uavhengig rekneskapsrevisor si melding datert 19.04.2022.

Årsmeldinga skal mellom anna omtale tilhøve som er viktige for å vurdere den økonomiske utvikling og stilling, og om desse tek vare på den økonomiske handleevne over tid.

Årsmeldinga skal innehalde ei vurdering av:

- Føretaket si måloppnåing og andre ikkje-økonomiske forhold som er av vesentleg verdi for føretaket eller innbyggerane.
- Informasjon om der er avvik i høve budsjett eller avvik frå kommunestyret sine premisser for bruk av løyvingane

- Tiltak som er sett i verk og tiltak som blir planlagd sett i verk for å sikre ein høg etisk standard.
- Den faktiske tilstanden når det gjeld likestilling av kjønn.

Vurdering:

I kontrollutvalet sitt møte 02.06.2022 kan utvalet be:

- dagleg leiar i Ålesund kommunale eigedom KF om å presentere kort føretaket sitt årsrekneskap og årsmelding 2021, med spesielt fokus på avvik i høve til budsjett og endra føresetnader.
- revisor om å informere kort om revisjonsarbeidet, revisjonsmeldinga og revisor si rolle.
- sekretariatet om å gje informasjon om tilrådinga til uttale og utvalet si rolle.

Kontrollutvalet kan sjølvstilt stille spørsmål til dagleg leiar, revisor og sekretariat, og skal så i møtet handsame saka og vedta ein uttale til kommunestyret.

Kommunelova seier at kontrollutvalet skal uttale seg om årsrekneskap og årsmelding, men det er ikkje gitt nærare føringar om innhaldet i uttalen. Kommunal- og distriktsdepartementet har i sin rettleiar til kontrollutvals- og revisjonsforskrifta (mars 2021) sagt følgjande:

Det primære utgangspunktet for kontrollutvalgets uttale vil dermed være de feil og mangler eller andre forhold som regnskapsrevisor har tatt opp i tilknytning til regnskapsrevisjonen.

Sekretariatet rår derfor til at kontrollutvalet i denne saka konsentrerer seg mest om sjølve årsrekneskapen og årsmeldinga. Og i lys av revisjonsmeldinga ha fokus på om desse er rette og fullstendige, og om der er forhold ein ynskjer å gjere kommunestyret særskilt merksam på sjølv i uttalen. Sjølv om utvalet vel å tilrå at kommunestyret godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2021.

Kontrollutvalet følgjer opp økonomi, styring og revisjon i kommunen på fleire måtar gjennom året. Dei kontrollpunkta som kontrollutvalet har regelmessig gjennom året har ikkje vore på det enkelte kommunale føretak sett for seg, men på kommunen samla sett. Utvalet hatt god dialog med revisor og kommunedirektør gjennom året.

Revisor skal levere sin rapport etter revisjon innan 30. juni. Når den kjem til kontrollutvalet kan utvalet velje å gå nærare inn på økonomiforvaltninga og då gjerne be revisor eller føretaket om å kommentere enkelte forhold nærare. Knytt til saka om revisjonsrapporten kan det vere naturleg at kontrollutvalet vurderer om dei ynskjer meir regelmessig informasjon frå Ålesund kommunale eigedom KF gjennom året. Føretake forvaltar store kommunale ressursar på vegne av innbyggjarane.

Årsrekneskap og årsmelding 2021 for Ålesund kommunale eigedom KF og melding frå revisor er gjeven innan dei fristar lova set.

Ålesund kommunale eigedom KF har i 2021 eit netto negativt driftsresultat på kr 6 378 459.

Revisor har i revisjonsmeldinga ikkje gitt merknadar til sjølve årsrekneskapen eller årsmeldinga.

Revisor stadfestar at føretaket har oppfylt si plikt med registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningane i tråd med lov og god bokføringskikk.

Revisor melder at årsrekneskapen inneheld dei opplysningane som lov og forskrift krev og at

opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer overeins med årsrekneskapen.

Det er etter kommunelova stilt krav til at det i årsmeldinga vert gjort greie for moglege budsjettavvik. Revisor omtaler dette i si melding og gjer greie for det ansvaret som ligg i å forklare både beløpsmessige avvik og premissane for desse. I revisor sin konklusjon går det fram at årsmeldinga til Ålesund kommunale eigedom KF gjev tilstrekkeleg informasjon om vesentlege budsjettavvik.

Når det gjeld andre forhold så er kontrollutvalet merksam på at revisor har eit atterhald knytt til attestasjon av løns- og pensjonskostnader. Kontrollutvalet har motteke skrifteleg brev nr 01/22 frå revisor.

Konklusjon:

Etter ei samla vurdering av dei dokument og den informasjon kontrollutvalet har fått lagt fram, bør kontrollutvalet kunne tilrå at kommunestyret godkjenner årsreknskap og årsmelding 2021 for Ålesund kommunale eigedom KF.

Revisjonsmeldinga er ei normalmelding men med eit atterhald under andre forhold. Det er eit atterhald revisor tek knytt til ein attestasjon. Ut over dette atterhaldet så betyr det at revisjonen ikkje har avdekt eller påvist vesentlege feil og manglar i føretaket si rapportering. Kontrollutvalet er i dialog med revisor heller ikkje gjort kjent med andre forhold som kunne hatt konsekvens for uttalen frå kontrollutvalet, jf. kommunelova § 14-3.

Vedlegg

Revisjonsmelding 2021- Ålesund Kommunale Eigedom KF

Årsmelding med reknskap 2021 - Ålesund kommunale eigedom KF

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Til kommunestyret i Ålesund Kommune

Kopi:
Kontrollutvalget
Formannskapet
Kommunedirektøren
Styret

UAVHENGIG REVISORS BERETNING

Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

Konklusjon

Vi har revidert Ålesund Kommunale Eigedom KFs årsregnskap som viser et netto negativt driftsresultat på kr 6 378 459. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2021, bevilgningsoversikter drift og investering, økonomisk oversikt drift og oversikt over samlet budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjoner for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening

- oppfyller årsregnskapet gjeldende lovkrav, og
- gir årsregnskapet i det alt vesentlige en dekkende fremstilling av den finansielle stillingen til Ålesund Kommunale Eigedom KF per 31. desember 2021, og av resultatet for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med kommunelovens regler og god kommunal regnskapsskikk i Norge.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder de internasjonale revisjonsstandardene International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet i Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapet. Vi er uavhengige av kommunen slik det kreves i lov og forskrift, og har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Innhentet revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Årsberetningen

Ledelsen er ansvarlig for informasjonen i årsberetningen. Vår konklusjon om årsregnskapet ovenfor dekker ikke informasjonen i årsberetningen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese årsberetningen. Formålet er å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom årsberetningen og årsregnskapet og den kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen av årsregnskapet, eller hvorvidt informasjon i årsberetningen ellers fremstår som vesentlig feil. Vi har plikt til å rapportere dersom årsberetningen fremstår som vesentlig feil. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

Basert på kunnskapen vi har opparbeidet oss i revisjonen, mener vi at årsberetningen

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

- inneholder de opplysninger som skal gis i henhold til gjeldende lovkrav og
- at opplysningene om økonomi i årsberetningen stemmer overens med årsregnskapet.

Vi henviser for øvrig til avsnittet «Uttalelse om redegjørelse for vesentlige budsjettavvik» under uttalelse om øvrige lovmessige krav.

Styret og daglig lederes ansvar for årsregnskapet

Styret og daglig leder er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir en dekkende fremstilling i samsvar med kommunelovens bestemmelser og god kommunal regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik intern kontroll den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål med revisjonen er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger som brukerne foretar basert på årsregnskapet.

For videre beskrivelse av revisors oppgaver ved revisjonen av årsregnskapet vises det til www.nkrf.no/revisjonsberetninger - revisjonsberetning nr. 3.

Uttalelse om øvrige lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av foretakets regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Uttalelse om redegjørelse for vesentlige budsjettavvik

Vi har utført et attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerhet, i forbindelse med Ålesund Kommunale Eigedom KFs redegjørelse for vesentlige budsjettavvik, enten det skyldes beløpsmessige avvik eller avvik fra kommunestyrets premisser for bruken av bevilgningene.

Konklusjon

Basert på de utførte handlingene og innhentede bevis er vi ikke blitt kjent med forhold som gir grunn til å tro at årsberetningen ikke gir dekkende opplysninger om vesentlige budsjettavvik.

Styrets og daglig leders ansvar for å redegjøre for budsjettavvik

Styret og daglig leder er ansvarlig for å etablere administrative rutiner som sørger for at det utarbeides og iverksettes rutiner som sikrer at alle vesentlige budsjettavvik identifiseres og beskrives. Dette gjelder både beløpsmessige rammer og vedtatte premisser for bruken av bevilgningene. I årsberetningen skal styret redegjøre for vesentlige beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsregnskapet, og vesentlige avvik fra kommunestyrets premisser for bruken av bevilgningene.

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Våre oppgaver og plikter

Vår oppgave er å se etter om årsberetningen gir dekkende opplysninger om vesentlige beløpsmessige avvik fra årsbudsjettet og vesentlige avvik fra kommunestyrets eller fylkestingets premisser for bruken av bevilgningene. Vi skal avgi en uttalelse om årsberetningen på grunnlag av bevisene vi har hentet inn. Vi har utført vårt attestasjonsoppdrag med moderat sikkerhet i samsvar med kommunelovens regler og RSK 302 Forenklet etterlevelseskontroll av vesentlige budsjettavvik. Standarden krever at vi planlegger og gjennomfører oppdraget for å oppnå moderat sikkerhet for hvorvidt det foreligger dekkende opplysninger om vesentlige budsjettavvik i årsberetningen

Utføring av et attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerhet i henhold til RSK 302, innebærer å utføre handlinger for å innhente bevis for om det foreligger avvik fra budsjettvedtak, både beløpsmessige avvik og avvik fra kommunestyrets premisser for bruken av bevilgningene, og om det i årsberetningen er gitt dekkende opplysninger om årsakene til avvikene. Typen, tidspunktet for og omfanget av de valgte handlingene er gjenstand for revisors skjønn. Moderat sikkerhet har klart lavere sikkerhetsgrad enn betryggende sikkerhet, og vi gir derfor ikke uttrykk for samme nivå av sikkerhet som i konklusjon om årsregnskapet i revisjonsberetningen. Vi mener at vi har innhentet tilstrekkelig og hensiktsmessig bevis som grunnlag for vår konklusjon.

Andre forhold

Foretaket har ikke behandlet skattetreks midler i samsvar med bestemmelsene i skattebetalingsloven §5-12. Vi har derfor ikke signert skjema RF1022 Lønns og pensjonskostnader.

Ålesund, 19. april 2022

Møre og Romsdal Revisjon SA



Linn Gunhild Pettersen
oppdragsansvarlig revisor

Notat

Til

Kopi til

Vår ref. 21/66

Saksbehandlar Solveig Kvamme

Dato 04.04.2022

Årsmelding med rekneskap 2021 - Ålesund kommunale eignedom KF

Årsmelding 2021 med rekneskap for Ålesund kommunale eignedom KF er mottaken som ei digital lenkje til rapporteringsverktøyet Framsikt: [Årsmelding 2021 \(framsikt.net\)](https://framsikt.net)

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 14/22	Ålesund kontrollutval	02.06.2022

Uttale årsrekneskap og årsmelding 2021 - Ålesund brannvesen KF

Tilråding til vedtak:

Etter ei samla vurdering av det kontrollutvalet har fått lagt fram og på bakgrunn av at kontrollutvalet i dialog med revisor ikkje er gjort kjent med andre forhold som kunne hatt konsekvens for uttalen frå kontrollutvalet, jf. kommunelova §14-3, vil kontrollutvalet tilrå kommunestyret å godkjenne årsrekneskap og årsmelding 2021 for Ålesund brannvesen KF.

Bakgrunn:

Kontrollutvalet skal med heimel i kommunelova § 14-3 og forskrift om kontrollutval og revisjon § 3, gje uttale til årsrekneskapen og årsmeldinga før formannskapet skal gje si innstilling til vedtak til kommunestyret.

Kontrollutvalet sin uttale skal, saman med revisjonsmeldinga, følgje behandlinga av årsrekneskap og årsmelding 2021 via formannskapet til kommunestyret.

Grunnlaget for behandling av saka på Ålesund kontrollutval sitt møte 02.06.2022 er Ålesund brannvesen KF sitt årsrekneskap og årsmelding 2021, samt uavhengig rekneskapsrevisor si melding datert 12.04.2022.

Kontrollutvalet skal kontrollere at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og at kommunestyret sine målsetjingar er oppfylt. Kontrollutvalet kan føreslå endringar i årsrekneskapen dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk.

Årsmeldinga skal mellom anna omtale tilhøve som er viktige for å vurdere den økonomiske utvikling og stilling, og om desse tek vare på den økonomiske handleevne over tid.

Årsmeldinga skal innehalde ei vurdering av:

- Foretaket si måloppnåing og andre ikkje-økonomiske forhold som er av vesentleg verdi for foretaket eller innbyggjarane.
- Informasjon om der er avvik i høve budsjett eller avvik frå kommunestyret sine premisser for bruk av løyvingane
- Tiltak som er sett i verk og tiltak som blir planlagd sett i verk for å sikre ein høg etisk standard.

- Den faktiske tilstanden når det gjeld likestilling av kjønn.

Vurdering:

I kontrollutvalet sitt møte 02.06.2022 kan utvalet be:

- kommunedirektør om å presentere kort Ålesund brannvesen KF sitt årsrekneskap og årsmelding 2021 med spesielt fokus på avvik i høve til budsjett og endra føresetnader.
- revisor om å informere om revisjonsarbeidet, revisjonsmeldinga og revisor si rolle.
- sekretariatet om å gje informasjon om tilrådinga til uttale og utvalet si rolle.

Kontrollutvalet kan sjølvstilt stille spørsmål til kommunedirektør, revisor og sekretariat, og skal så i møtet handsame saka og vedta ein uttale til kommunestyret.

Kommunelova seier at kontrollutvalet skal uttale seg om årsrekneskap og årsmelding, men det er ikkje gitt nærare føringar om innhaldet i uttalen.

Kommunal- og distriktsdepartementet har i sin rettleiar til kontrollutvals- og revisjonsforskrifta (mars 2021) sagt følgjande: *Det primære utgangspunktet for kontrollutvalgets uttale vil dermed være de feil og mangler eller andre forhold som regnskapsrevisor har tatt opp i tilknytning til regnskapsrevisjonen.*

Sekretariatet rår derfor til at kontrollutvalet i denne saka konsentrerer seg mest om sjølve årsrekneskapen og årsmeldinga. Og i lys av revisormeldinga ha fokus på om desse er rette og fullstendige og om der er forhold ein ynskjer å gjere kommunestyret særskilt merksam på i uttalen. Sjølv om utvalet vel å tilrå at kommunestyret godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2021.

Kontrollutvalet følgjer opp økonomi, styring og revisjon i kommunen på fleire måtar gjennom året. Dei kontrollpunktene som kontrollutvalet har regelmessig med revisor gjennom året har ikkje hatt fokus på det enkelte kommunale foretak sett for seg, men på kommunen si verksemd samla sett. Utvalet hatt god dialog både med revisor og kommunedirektør gjennom året.

Revisor skal levere sin rapport etter revisjon innan 30. juni. Når den kjem til kontrollutvalet kan utvalet velje å gå nærare inn på økonomiforvaltninga og då gjerne be revisor eller foretaket om å kommentere enkelte forhold nærare. Knytt til saka om revisjonsrapporten kan det vere naturleg at kontrollutvalet vurderer om dei ynskjer meir regelmessig informasjon om dei enkelte kommunale foretaka gjennom året.

Årsrekneskap og årsmelding 2021 for Ålesund brannvesen KF og melding frå revisor er gjeven innan dei fristar lova set.

Ålesund brannvesen KF har i 2021 eit netto driftsresultat på kr 4 485 849.

Revisor har i revisjonsmeldinga ikkje gitt merknadar til årsrekneskapen eller årsmeldinga. Revisor stadfestar at foretaket har oppfylt si plikt med registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningane i tråd med lov og god bokføringskikk.

Revisor melder at årsrekneskapen inneheld dei opplysningane som lov og forskrift krev og at opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer overeins med årsrekneskapen.

Det er etter kommunelova stilt krav til at det i årsmeldinga vert gjort greie for moglege budsjettavvik. Revisor omtaler dette i si melding og gjer greie for det ansvaret som ligg i å forklare både beløpsmessige avvik og premissane for desse. I revisor sin konklusjon går det fram at årsmeldinga til Ålesund brannvesenl KF gjev tilstrekkeleg informasjon om vesentlege budsjettavvik.

Konklusjon:

Etter ei samla vurdering av det kontrollutvalet har fått lagt fram, bør kontrollutvalet kunne tilrå at kommunestyret godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2021 for Ålesund brannvesen KF slik det ligg føre.

Revisjonsmeldinga er ei normalmelding gitt utan atterhald. Dette betyr at revisjonen ikkje har avdekt eller påvist vesentlege feil og manglar i føretaket si rapportering.

Kontrollutvalet er i dialog med revisor ikkje gjort kjent med andre forhold som kunne hatt konsekvens for uttalen frå kontrollutvalet, jf. kommunelova §14-3.

Vedlegg

Melding frå uavhengig revisor 2021 - Ålesund Brannvesen KF

Årsmelding med rekneskap 2021 - Ålesund brannvesen KF

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Til kommunestyret i Ålesund Kommune

Kopi:
Kontrollutvalet
Formannskapet
Kommunedirektøren
Styret

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Uttale om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert Ålesund Brannvesen KF sin årsrekneskap som viser eit netto driftsresultat på kr 4 485 849. Årsrekneskapen inneheld balanse per 31. desember 2021, oversikter over løyvingar drift og investering, økonomisk oversikt drift og investering og oversikt over samla budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjonar for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gir årsrekneskapen i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Ålesund Brannvesen KF per 31. desember 2021, og av resultatet for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med kommunelova og god kommunal rekneskapskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter i etter av desse standardane er vist i «Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen». Vi er uavhengige av kommunen slik det er krav om i lov og forskrift, og har etterlevd dei andre etiske forpliktingar i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

Årsmeldinga

Leiinga er ansvarleg for informasjonen i årsmeldinga. Vår konklusjon om årsrekneskapen ovanfor dekker ikkje informasjonen i årsmeldinga.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese årsmeldinga. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen av årsrekneskapen, eller om informasjon i årsmeldinga elles tilsynelatande er vesentleg feil. Vi har plikt til å rapportere dersom årsmeldinga framkjem som vesentleg feil. Vi har ingenting å rapportere i så måte.

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav og
- at opplysningane om økonomi i årsmeldinga er i samsvar med årsrekneskapen.

Vi viser også til avsnittet «Uttale om utgreiing om vesentlege budsjettavvik» under «uttale om andre lovmessige krav».

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med føresegnene i kommunelovas reglar og god kommunal rekneskapskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll den finne nødvendig for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Revisors oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen som heilheit ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ei høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, inkludert ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom den enkeltvis eller samla med rimelegheit kan vere forventa å påverke økonomiske avgjersler som brukarane tek basert på årsrekneskapen.

For meir omtale av revisor sine oppgåver ved revisjonen av årsrekneskapen blir det vist til www.nkrf.no/revisjonsmeldinger - revisjonsmelding nr. 3.

Uttale om andre lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er omtalt over, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å passe på for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av føretaket sine opplysningar om rekneskapen i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Uttale om forklaring av vesentlege budsjettavvik

Vi har utført eit attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerheit, i samband med Ålesund Brannvesen KF si forklaring av vesentlege budsjettavvik, enten det skuldast beløpsmessige avvik eller avvik frå kommunestyret sine premissar for bruken av løyvingane.

Konklusjon

Basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis er vi ikkje blitt kjent med forhold som gir grunn til å tru at årsmeldinga ikkje gir dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik.

Styrets og dagleg leiar sitt ansvar for å gjere greie for budsjettavvik

Økning pensjonsforpliktelser	kr	-
Urealisert kurstap utenlandslån	kr	-
Saldo 31.12.	kr	(154 499)

Note 3 Vesentlige endringer i regnskapsprinsipp og regnskapsestimater og vesentlige korrigerings av tidligere års feil

Ingebrikt Davik-huset Ålesund KF har ikkje bokførte endringer i regnskapsprinsipp.

Note 4 Varige driftsmidler

Ingebrikt Davik-Huset Ålesund KF har ingen aktiverte driftsmiddel.

BSH
JKH
R
HKH

Note 5 Fordringer og gjeld til egen kommune

Kortsiktige postar:	Fordringer 31.12.2021:	Gjeld 31.12.2021:
Ålesund Kommune	5 545	6 716
Ålesund kommunale foretak KF		90 842

LA
OK
R. BSA JAA
HKA

Note 6 Pensjonsforpliktelser

Generelt om pensjonsordninga i kommunen

Inngår: Døvk-huset KF har kollektiv pensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse (KLP) som sikrer ytelsesbasert pensjon for dei tilsette.

Premiefond

Premiefondet er et fond for tilbakeført premie og overskudd. Eventuelle midlar på premiefondet kan berre brukast til familidig premiebetaling. Premiefondet framgår ikkje av rekneskapen, men bruk av fondet reduserer faktisk betalte pensjonspremiar

	2021	2020
Innståande på premiefond 01.01.	289,00	240,00
Tilført premiefondet i løpet av året	300 662,00	24 954,00
Bruk av premiefondet i løpet av året	22 277,00	24 949,00
Innståande på premiefond 31.12.	278 674,00	285,00

Regnskapsføring av pensjon

Etter § 3-5 og § 3-6 i budsjett- og regnskapsforskrift skal driftsregnskapet belastast med pensjonskostnader som er berekna ut frå langsiktige forutsetningar om avkastning, lønnsvekst og G-regulering. Pensjonskostnadane vert berekna på ein annan måte enn pensjonspremier som vert betalt til pensjonsordninga, og det vil derfor normalt vere forskjell mellom disse to størrelsane. Forskjellen mellom beløpt pensjonspremie og berekna pensjonskostnad vert kalla premieavvik, og skal inntekts- eller utgiftsførast i driftsregnskapet. Premieavviket vert tilbakeført igjen neste år med 1/7 per år for premieavvik oppstått i 2014 eller senere, med 1/10 per år for premieavvik oppstått frå 2011 til 2013 og med 1/15 per år for premieavvik oppstått frå 2002 til 2010.

Regnskapsføringa av pensjon inneber et unntak frå dei grunnleggjande prinsippa for kommuneregnskapet om at alle kjente utgifter og inntekter i året skal takast med i årsregnskapet for vedkomande år (d.l. § 14-8, 2. ledd nr c). Regnskapsføringa av premieavvik og amortisering av premieavvik har hatt innverknad på netto driftsresultat i 2021 ved at regnskapsførte pensjonsutgifter er kr. 5.763 lavere enn faktisk betalte pensjonspremiar.

Bestemmelsane innberøgså at berekna pensjonsmidlar og pensjonsforpliktelser er oppført i balansen som henholdsvis anleggsmidlar og langsiktig gjeld.

Økonomiske forutsetningar for beregning av pensjonskostnaden	KLP	Andre
Forventet avkastning pensjonsmidlar	3,50 %	
Diskonteringsrente	3,00 %	
Forventet årlig lønnsvekst	1,38 %	
Forventet årlig G- og pensjonsregulering	1,38 %	

Spesifikasjon av samlet pensjonskostnad, premieavvik pensjonsforpliktelser og estimatavvik.

Pensjonskostnad og premieavvik	2021	2020
Årets pensjonsopptjening, nåverdi	259 127	281 268
Rentekostnad av pålept pensjonsforpliktelse	83 358	97 358
Forventet avkastning på pensjonsmidlene	-95 167	-92 335
Administrasjonskostnad	10 917	11 255
A. Beregnet netto pensjonskostnad (inkl. adm.)	258 235	277 546
B. Innbetalt pensjonspremie (inkl. adm.kostnader)	322 633	218 911
C. Årets premieavvik (B-A)	64 398	-58 635

Pensjonsutgifter i drifts- og investeringsregnskapet	2021	2020
B. Forfølt pensjonspremie (inkl. adm.kostnader)	322 633	218 911
C. Årets premieavvik	-64 398	-58 635
D. Amortisering av tidligere års premieavvik	58 635	-16 324
E. Brutto pensjonsutgift etter premieavvik og amortisering (SUM B-D)	316 870	261 222
G. Pensjonstekn. ansatta	38 908	36 702
Årets regnskapsførte pensjonsutgift (F-G)	278 062	224 520

Akkumulert premieavvik	2021	2020
Sum gjestående premieavvik tidligere år (pr. 01.01.)	-58 635	-16 324
Årets premieavvik	64 398	-58 635
Sum amortisert premieavvik dette året	-58 635	16 324
Akkumulert premieavvik pr. 31.12.	-52 872	-58 635
Arbeidsgeberavgift av akkumulert premieavvik		
Sum akkumulert premieavvik inkl. arb.g.avgift	-52 872	-58 635

Pensjonsmidler og pensjonsforpliktelser	2021	2020
Brutto pensjonsforpliktelse pr. 01.01.	2 853 049	1 630 158
Estimatavvik (ført direkte mot egenkapitalen)	-304 588	916 221
Virkning av planendringer (ført direkte mot egenkapitalen)		
Årets pensjonsopptjening	259 127	281 268
Rentekostnad av pålept pensjonsforpliktelse	83 358	97 358
Utbetalinger	-57 990	-51 959
Brutto pensjonsforpliktelse pr. 31.12.	2 832 956	2 853 049
Brutto pensjonsmidler pr. 01.01.	2 478 561	1 394 316
Estimatavvik (ført direkte mot egenkapitalen)	113 638	936 210
Virkningen av planendringer (ført direkte mot egenkapitalen)		
Innbetalt pensjonspremie (inkl. adm.)	322 633	218 911
Administrasjonskostnad/rentegaranti	-10 917	-11 255
Utbetalinger	-57 990	-51 959
Forventet avkastning	95 167	92 335
Brutto pensjonsmidler pr. 31.12.	2 941 090	2 478 561
Netto pensjonsforpliktelse pr. 31.12.	-108 134	374 488
Arbeidsgeberavgift av netto pensjonsforpliktelse		

Handwritten signatures and initials: JHA, AR, HKH.

Note 7 Bundne fond

Ingebrikt Davik-huset Ålesund KF har ingen bundne fond.

Note 8 Ytelser til ledende personer

Ytelser til ledende personer	Lønn og annen godtgjørelse	Godtgjørelse for andre verv	Tilleggs-godtgjørelse	Natural-ytelser
Daglig leder	618 565	0	0	5 682
Styret	124 058	0	0	0

Note 9 Godtgjørelse til revisor

Kommunens revisor er Møre og Romsdal Revisjon SA.

Godtgjørelse til revisor	ID-huset KF
Revisjon	184 300,00
Rådgivning	-
Samlet godtgjørelse	184 300,00

Note 10 Aksjer og andeler i varig eie

Selskaps navn	Henvisning balansen	Eierandel i selskapet	Eventuell markeds-verdi	Balanseført verdi 31.12.2021	Balanseført verdi 01.01.2021
KLP		0 %	kr -	kr 31 118	kr 25 815
Sum			kr -	kr 31 118	kr 25 815

LA
et JHA
R Bør HET

Årsrekneskap 2021 for Ingebrigt Davik-huset Ålesund KF

Rekneskap godkjent med signatur

Brattvåg 16.02.2022



Bjørn Sandnes



Arild Eiken



Hilde Haram



Julianne Høistad Aakre



Øyvind Levåg



Lisa Alvestad



1. INNLEIING

Verksemda

Ingebrigt Davik-huset Ålesund KF er eit kulturhus som ligg i Brattvåg (gamle Haram kommune). Kulturhuset vart opna i 2006 og er organisert som eit kommunalt føretak eigd av Ålesund kommune. Ingebrigt Davik-huset ligg i sentrum av Brattvåg og er ein integrert del av Haramssenteret. Føretaket er ein samlande kulturinstitusjon for heile bydelen.

Kulturhuset er både arrangør av ulike kulturarrangement og leiger ut sine lokaler til kultur- og næringslivet, samt private aktørar. I tillegg ligg Brattvåg kino under føretaket. Tilbodet vårt inneheld både nasjonale og lokale innslag frå både amatørar og profesjonelle, og er meint for alle aldersgrupper.

Føretaket gjer i tillegg til drift av kulturhuset og kino fleire oppgåver for kommunen. Kulturhuset er involvert i arbeidet med å gjennomføre UKM, i tillegg til MOT-prosjektet som skulane er med i. Kulturhuset samarbeider også med mellom anna Brattvåg i sentrum (Myldredagane), ungdomskoret UHØRT, koret aChoir, Seniordans, Brattvåg Fjordhotell, Brattvåg IL, Kulturkafeen og andre for gjennomføring av arrangement.

Organisasjon og administrasjon

Ingebrigt Davik-huset hadde 4 årsverk i 2021: dagleg leiar, kino-/teknisk ansvarleg, arrangementsansvarleg og ungdom/administrasjonskonsulent.

- Av dei tilsette er det 3 menn og 1 kvinne. Ingebrigt Davik-huset skal være ein inkluderande arbeidsplass, uavhengig av kjønn, religion, etnisitet og seksuell legning.

Den frivillige innsatsen vert ikkje rekna som årsverk, men det må understrekast at aktivitetsnivået ville sett annleis ut om det ikkje hadde vore mange som stilte opp frivillig ved behov.

Styret

I 2021 hadde Ingebrigt Davik-huset KF følgjande styremedlemmar:

Bjørn Sandnes	Styreleiar - kommunerepresentant
Arild Eiken	Nestleiar - Næringsliv
Lisa Alvestad	Styremedlem (kom.område kultur og medborgarskap)
Julianne H. Aakre	Styremedlem (kulturliv)
Hilde Karin Haram	Styremedlem (Frivillig/tilsett)
Øyvind Lervåg	Styremedlem (kulturliv)

Vara i rekkefølge:

Emil Korsnes	kommunestyrerepresentant
Inger Neergård	kultur
Håvard Urkedal	vara kommunestyrerepresentant
Svein Harsjøen	kultur/idrett
Eva Nymoene Rogne	kultur
Leif Hofseth	næringsliv

- Kjønnlikestilling er eit av elementa som valkomiteen har hatt fokus på, og som ein ser er det like mange menn og kvinner i Ingebrigt Davik-styret.

I 2021 hadde styret 3 møter og 19 saker til behandling.

2. Forklaring av budsjettavvik

Føretaket hadde i 2021 ei budsjetttramme på kr 4 860 000. Inntektene kjem frå overføringar frå kommunen, billettsal, utleige, sponsorar, kiosksal, sal av reklame, samt noko frå støtteordningar. Under er ei oversikt over viktige inntekts- og utgiftspostar for føretaket.

Inntektspostar	Budsjett 2021	Rekneskap 2021
Overføring frå kommunen	2 678 000	2 586 000
MOT midlar frå kommunen	0	125 000
Billettsal kultur	450 000	360 259
Billettsal kino	220 000	138 779
Utleige (eksterne)	425 000	552 606
Div sponsorar og støtte	75 000	80 000
Kiosksal	400 000	246 432
Overføringar frå Kulturrådet	0	435 000
Sal av reklame kino	20 000	10 999

Utgiftspostar	Budsjett 2021	Rekneskap 2021
Lønskostnadar	2 796 000	2 815 000
Inventar og vedlikehald	279 000	329 000
Energi	155 000	74 000
Artishonorar	430 000	451 000
Leige av film	166 000	85 000
Kioskvarer	185 000	175 000

Rekneskapen for 2021 viser eit underskot på kr 172 072. Kulturåret vart veldig amputert sidan vi vart hardt ramma av Covid-19 pandemien. Vi hadde færre arrangement enn normalt, og på mange av dei arrangementa vi gjennomførte var det restriksjonar på publikummarar. Vi fekk noko støtte frå Kulturrådet, om lag 435 000 kr totalt. Vi har og inne søknader for 3 konsertar i desember, som vi reknar med å få støtte på. Dette dreier seg om rundt 100.000 kr, som vi evt vil få utbetalt i 2022. Ingebrigt Davik-huset har også fått støtte frå Kulturrom (Musikkutstyrs ordninga). Desse investeringane vart gjort seint i 2020, og støttemidlane vart utbetalt i 2021. Meirforbruket på inventar og utstyr kom som ein konsekvens av eit relativt akutt behov for ny lysmiksar røykmaskin. I tillegg er det investert eit betydeleg beløp ifm Sumarskule for ungdom i Ålesund kommune. Ingebrigt Davik-huset var ein av arrangørane til dette kommunale tiltaket, og det meste av utgiftene har vi fått støtte for. Likevel bidreg det til høgare sluttsum på Inventar og utstyr.

MOT- midlane har blitt inkludert i Overføringar frå eigen kommune i 2021. Dette vert endra til neste år.

Sponsorar og tilskot

Til forskjell frå mange andre kulturhus, har Ingebrigt Davik-huset gode sponsoravtalar med næringslivet. Styret er aktivt med i sponsorarbeidet og held kontakt med ulike aktørar i næringslivet. I 2021 hadde Ingebrigt Davik-huset sponsoravtalar med følgjande bedrifter:

- Nogva Motorfabrikk
- Ulmatec
- LAG Invest
- Nordea

Vi fekk tildelt tilskot frå følgjande aktørar:

- Kulturrådet – Stimuleringsmidlar ifm pandemien.
- Kulturrom – støtte til innkjøp av musikkutstyr
- Kulturrabatt for ungdom. (kompensasjon for rabatterte ungdomsbilletter til kino og kultur)

I 2021 fekk vi inn totalt kr 85 000 i sponsormidlar, noko som er lågare enn tidlegare år. Vi merkar godt at det er urolege tider for næringslivet, men det jobbast kontinuerleg med å skaffe nye samarbeidspartnarar som kan hjelpe oss økonomisk eller omdømme messig.



NOGVA



Takk til våre sponsorar!

3. KULTURHUS

Program 2021

<i>Dato</i>	<i>Arrangement</i>	<i>Sjanger</i>	<i>Arrangør</i>
30.1	Knut-Marius Djupvik	Musikk	ID-huset
30.1	EKSTRA - Knut-Marius Djupvik	Musikk	ID-huset
19.2	Eva Weel Skram	Musikk	ID-huset
04.3	Hit eit steg	Teater	Teatret Vårt
05.3	EKSTRA - Hit eit steg	Teater	Teatret Vårt
05.3	EKSTRA - Hit eit steg	Teater	Teatret Vårt
06.3	EKSTRA - Hit eit steg	Teater	Teatret Vårt
04.6	Pål Riise	Stand-up	Stand-up Finnmark
12.6	Vidar Busk, Pål Flaata – Elvis tribute	Musikk	Eventlederne
25.6	Thomas Leikvoll	Stand-up	Stand-up Finnmark
28.8	Møre Swingband	Musikk	Kurt Sagen
28.8	Panikk i kulissene	Teater	Teater MANU
04.9	Waste a Saint	Musikk	ID-huset
17.9	Nordic Tenors	Musikk	ID-huset
25.9	aChoir	Musikk	aChoir
01.10	Meelodi	Musikk	ID-huset
03.10	Stjernekompani	Musikk	Brattvåg janitsjar
09.10	Mil etter Mil – En hyllest til Teigen	Musikk	Roy Carlsen
16.10	Masåva	Musikk	ID-huset
22.10	Åreknutekoret Fisstelsprekken	Musikk	Åreknutekoret
29.10	Klypa	Stand-up	Flan booking
06.11	Nøtteknekkeren- St.Petersburg festival	Ballett	Ovation events
06.11	EKSTRA-Nøtteknekkeren- St.Petersburg	Ballett	Ovation events
07.11	Svanesjøen - St.Petersburg festival	Ballett	Ovation events
07.11	EKSTRA -Svanesjøen - St.Petersburg	Ballett	Ovation events
11.11	Den uendelige historien	Teater	Teatret Vårt
13.11	Tore Sagen	Stand-up	Feel Good IStage
28.11	aChoir, BRiIF, UHØRT, Mockingbirds	Musikk	aChoir
04.12	Terje Sporsem	Stand-up	Feel Good IStage
04.12	EKSTRA - Terje Sporsem	Stand-up	Feel Good IStage
11.12	Elvira Nikolaisen –	Musikk	ID-huset
18.12	Jul på Sunnmørsk - familiekonsert	Musikk	ID-huset
18.12	Jul på Sunnmørsk - vaksenkonsert	Musikk	ID-huset

Innhald og vurdering av måloppnåing

Som oversikta viser, var det 33 kulturproduksjonar på Ingebrigt Davik-huset i 2021. 15 konsertar/teater vart avlyst eller utsett grunna covid-19 pandemien. Haramskonferansen vart også avlyst i 2021. Vi har hatt eit rimeleg høgt aktivitetsnivå, til tross for restriksjonane. Vi har hatt tilsette som har evna å omstille seg, og vi har ei fin gruppe med frivillige som stiller opp ved behov. Utan dyktige frivillige hadde det vore umogleg å halde eit slikt aktivitetsnivå.

10 av produksjonane er det føretaket sjølv som har stått for. Som arrangør har ID-huset hatt som mål å treffe breitt i både sjanger og målgrupper: her skal vere noko for alle!

Kvart år har vi eit mål om å tilby noko nytt, gjere noko som vi ikkje har gjort før. Nytt av året er Fotball EM på storskjerm i Kulturstova. Vi har også eit overordna mål om å tilby arrangement i ulike sjangrar og til alle aldersgrupper. Dette klarte vi også dette året, sjølv med eit amputert program. Og det er nemneverdig at vi klarte det kunststykket å få besøk av St.Petersburg Festival Ballet. Det vart ei suksesshistorie utan samanlikning. 4 utselde forestillingar, og eit begeistra publikum som kom tilreisande frå heile landet.

Tilpasningsdyktige

Programmet i 2021 vart litt annleis enn det vi hadde sett for oss. Det vart mange avlysningar, utsetjingar, krav om avstandsbegrensing, faste tilviste plassar, munnbind etc. Det har vore særskilt mykje meirarbeid med informasjon til alle billettkjøparar, om forventningar til deg som gjest. Reglane endra seg mykje frå billettkjøp, til konsert/teater tid. Dette har vore ei utfordring for heile bransjen, men eg føler vi har klart oss greit, og vi har tross alt vore heldige med at vi har fått gjennomføre so mykje som vi har gjort. Vi har bestandig gjort alt vi kunne for å unngå avlysningar. Dette har vi heldigvis blitt kompensert for av Kulturdepartementet si Stimuleringsordning.

Knut Marius Djupvik & Svanesjøen



Billettsal kultur

Billettsalget der vi har vore arrangør har vore på omtrent same nivå som 2020. Langt i frå eit godt år, men alt i alt er vi privilegerte som har fått lov til å arrangere so mange arrangement som vi faktisk har gjort. Dette skuldast at vi har eit fleksibelt kulturhus. Vi har amfi med 315 fastmonterte stolar, men vi kan også kjøre inn amfiet, og gjere om lokalet med småbord og stolar. I tillegg har vi Kulturstua i 3.etg, der vi kan ha intimkonsertar, quiz, bingo og stand-up show. Dette gir mange moglegheiter, også når det er ei svart krevjande tid i bransjen.

Tala er henta frå billettsystemet DX, og inkluderer såleis ikkje leigearrangement som går utanom vårt rapporteringssystem, samt sponsorbilletter og gratisarrangement.

Seminar og møteverksemd m.m.

I tillegg til kulturprogram og kino, så blir kulturhuset brukt til seminar, møteverksemd og ulike typar lukka lag og arrangement som bryllaup, konfirmasjonar og liknande. Med i overkant av 200 årlege bookingar, utgjer dette ein monaleg del av den daglege drifta til føretaket. Normalt deltek anslagsvis 2-3000 personar i møte, kurs og selskap i løpet av året. I 2021 har det aller meste av dette blitt avlyst.

Oppgraderingar i 2021

Vi har kjøpt ny røykmaskin til sceneteknikk i Storsalen. I tillegg har vi kjøpt nye lyskastarar til Kulturstova. Desse er led-lys, noko som bidreg til mindre varme i Kulturstova. Backstagerommet i 3.etg er under rehabilitering. Det er ordna ny belysning, nytt panel, slik at vi kan ta i mot artistar i eit triveligare lokale, enn kjøkkenet bak konferansesalen. Dette blir eit løft for oss, og til glede for artistar.

Flyndrefanten recordings

Lydstudioet vårt, som vi kallar Flyndrefanten recordings er stadig i bruk. Vi har god kompetanse, er fleksible og imøtekomande i dette studioet. Her er det fotball-lag, skuleklassar, russ, band og enkeltpersonar som får kyndig hjelp til å produsere sine eigne songar. Etter ei tid i studioet kan musikken med enkle grep vere tilgjengeleg for heile verda. Vi får gode tilbakemeldingar, og er også på dette feltet eit lågterskeltilbod som vi håper enda fleire nyttar seg av. I år er det gjort naudsynte oppgraderingar i Studioet, med nytt lydkort og ny mac.

4.KINO

Vi har hatt ein nedgang i besøkstalet i 2020 og 2021, dette er ikkje Brattvåg Kino aleine om. Kinoen har periodevis vore heilt stengd grunna pandemien, og resten av året har vi hatt restriksjonar. Vi har gått ned til kun ein visningsdag pr veke, og det har vore søndagar. Vi har hatt vekst i bursdagsvisningar, der vi åpnar kinoen etter ønske. Vi er kanskje landets mest fleksible kino, og samarbeider godt med skulane og seniorar dersom det er aktuelle filmar dei vil vi skal sette opp.

Pga pandemien har det vore svært begrensa utval av nye filmar. Dette gjer det jo vanskeleg å trekke til seg publikum, og vi opplever sjølvsagt tøff konkurranse frå straumetenestene som publikum no kan få rett i eiga stue. Vi er innstilte på å komme sterkt tilbake etter pandemien. Vi trur kinoen vil ha ei rolle også i framtida, og ser for oss å ta naudsynte investeringar dei neste åra.

Kulturrådet har innvilga søknad om stimuleringsmidlar til Brattvåg kino. Dette har gjort at vi kunne halde open kino, til tross for betydeleg nedgang i besøkstalet.

Projectoren er no på lånt tid. Den har fått utvida garanti for 2021, men i løpet av 2022 må denne skiftast ut.

Innhald


Normalt har Brattvåg kino framsyningar på torsdagar, laurdagar og søndagar, i tillegg til enkelte premierevisningar på andre dagar. I 2021 har vi midlertidig justert oss ned til ein fast visningsdag. Vi viser då ein barnefilm/familiefilm, og ein film for vaksne. Periodevis har samfunnet vore utan restriksjonar, men så har det vore andre reglar i andre land, dette har gjort at vi ikkje har fått sett opp storproduksjonar frå Hollywood, sjølv om det ville problemfritt for oss her i landet. Vi vonar at dette vil rette seg opp neste år.

Besøk

Til tross for ein liten vekst, så har 2021 vore eit begredeleg kinoår for heile bransjen. Her er det mange ting som spelar inn; kvalitet på filmar, finevêr, eit aukande streamingtilbod heime på tv-skjermen etc. Tala under er henta frå rapportserveren til DX:

	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Omsetning eks mva	471 860	362 327	361 295	265 965	134 337	160 369
Besøk	5 999	4 707	3 982	3 312	1 681	2 068
Titlar	74	79	92	99	57	57
Framsyningar	218	234	245	312	213	184
Snittbesøk	28	20	16	11	8	11

I 2021 finn vi eit variert utval på topp 10 lista. Det er veldig spesielt at det er heile 6 av 10 filmar som er norskproduserte.



5. ETIKK

Både styret og dei tilsette ved Ingebrigt Davik-huset er aller kjende med ansvaret som følger, når ein er tilknytta eit offentleg kulturhus. Kulturhuset har mellom anna i sine vedtekter: *All verksemd i bygget skal vere open for all lovleg kultur- og organisasjonsverksemd. Ingen må stengast ute pga. religiøse, sosiale eller politiske omsyn.*

Kulturhuset følger også kommunen sine standarder ifm innkjøp.

Openheit i organisasjonen er viktig. Dette gjelder på leiarnivå, tilsette og frivillige, så vel som utad til både publikum og artistar. Vi opplever stor tillit frå våre samarbeidspartnarar, sponsorar, arrangørar og publikum.

Det har ikkje vore nokon saker i 2021 med brudd på etisk regelverk i foretaket.»

6.DRIFT

Ingebrigt Davik-huset utviklar seg stadig. Vi fyller på med teknisk utsyr dersom det kjem ei anledning, og opplever at vi klarer oftare og oftare å bruke det aller meste av vårt eige utstyr. Vi slepp stort sett å leige inn ekstra, når vi arrangerer kulturarrangement. I tillegg har vi no ein tekniskar som har kompetanse til å vedlikehalde mykje av utstyret som er her. Vi har fått ny belysning mot fasaden, noko som har positiv effekt kvar gong vi har arrangement. Kulturhuset lyser bokstaveleg talt opp, når noko skjer. Kjøkkenet er det neste som står for tur. Det er eit relativt prekært behov for å skifte ut steamer og komfyr.



Brattvåg 21.03.2022

Kjetil Heggdal
dagleg leiar

Bjørn Sandnes
Styreleiar

Arild Eiken
Nestleiar

Øyvind Lervåg
Styremedlem

Lisa Alvestad
Styremedlem

Hilde Haram
Styremedlem

Julianne Høstad Åkre
Styremedlem

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 17/22	Ålesund kontrollutval	02.06.2022

Meldingar

Underliggende saker

08/22	Kommunedirektøren sin årsrapport 2021
09/22	Informasjon om generalforsamlingar 2022 i kommunalt eigde selskap Ålesund
11/22	Oppfølging av tidlegare orientering om reglement for folkevalde
12/22	Henvending med spørsmål om lovlighetskontroll

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
MS 08/22	Ålesund kontrollutval	02.06.2022

Kommunedirektøren sin årsrapport 2021

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek kommunedirektøren sin årsrapport 2021 til vitande.

Bakgrunn:

Kommunedirektøren legg fram sin årsrapport 2021, som er ein meir omfattande rapport enn den lovpålagte årsmeldinga (det som på bokmål vert kalla årsberetning).

Digital lenkje til årsrapporten ligg som vedlegg her. Årsrapporten er omtalt som årsmelding i det digitale dokumentet de då kjem inn på.

Årsrapporten er nyttig informasjon for kontrollutvalet og den vert difor lagt fram for utvalet til orientering.

Vedlegg

Lenkje til Ålesund kommune sin årsrapport 2021

Lenkje til Ålesund kommune sin årsrapport 2021

[Årsrapport 2021 \(framsikt.net\)](#)

Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
MS 09/22	Ålesund kontrollutval	02.06.2022

Informasjon om generalforsamlingar 2022 i kommunalt eigde selskap Ålesund

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunn:

Kommunelova § 23-6 femte ledd seier:

Kontrollutvalet skal varsles om møter i generalforsamling, representantskap og tilsvarende organer og har rett til å være tilstede i disse møtene.

I Kontrollutvalsboka kapittel 8 står det følgjande:

Kontrollutvalet skal sjå til at det blir gjennomført kontroll med forvaltninga av kommunene sine interesser i selskap.

I heileigde kommunale selskap har kontrollutvalet rett til å være tilstades i generalforsamling, representantskap og andre eigarorgan. Kontrollutvalet og kommunen sin revisor skal difor varslast når det skal haldast slike møter. Det er mest nærliggjande at eigar/deltakarkommunen sender slikt varsel.

Det er viktig at kontrollutvalet tek stilling til om dei vil nytte seg av møteretten, både for å halde seg orientert om selskapa, og som ein ledd i sin kontroll.

Vedlagt er der ei oversikt over når det enkelte kommunale selskap skal halde si generalforsamling, rekkefølga kan verte endra.

Kontrollutvalet bør ta stilling til om dei ynskjer å vere tilstades med einkvan på desse generalforsamlingane.

Vedlegg

Plan for generalforsamlingar i kommunale selskap 2022 Ålesund



ÅLESUND KOMMUNE

Mottakere ifølge liste

Politikk og kommunikasjon

Saksbehandlar:

Kristin Torine Amdam

Tlf. 70162043

Dykkar referanse:

Vår referanse:

20/10970-11 22/41637

Arkivkode:

037

Dato:

05.05.2022

Generalforsamlingar i kommunale selskap 2022

Dato for generalforsamling 2022 for dei heileigde selskapa er sett til 7. juni og 14. juni. Etter ønske frå selskapa har eg satt opp ein plan for gjennomføring.

Møta skal haldast fysisk på rådhuset i Ålesund.

Generalforsamling 7. juni	
Bingsa Gjenvinning AS Eksportvegen - styreval	kl. 09.30
Sandøy energi AS	kl. 10.15
Vekst Ørskog AS	kl. 10.45
Vekst Ålesund AS	kl. 11.15

Generalforsamling 14. juni	
Ålesund parkering AS	kl. 09.00
Sørsida utvikling AS	kl. 09.30
Pause	
Ålesund kommunes administrasjonsbygg AS 100 %	kl. 10.15
Øyvon	kl. 10.45
Haram industrier AS	kl. 11.15
Haram bygdebok AS	kl. 11.45

Det er fint om de kan sende over sakspapir digitalt til underteikna i god tid før generalforsamlingane (innan 27. mai og 3. juni) slik at eg kan få sendt det ut til generalforsamlinga sine medlemmer.

Vi ber om at de merkar dokumenta slik (dette er dei dokumenta som de i alle fall må ha med, i tillegg vi fleire av dykk ha til dømes val til nytt styre):

Døme:

Vekst Ålesund – Innkalling

Vekst Ålesund – Årsmelding

Vekst Ålesund – Årsrekneskap

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
MS 11/22	Ålesund kontrollutval	02.06.2022

Oppfølging av tidlegare orientering om reglement for folkevalde

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunn:

Kontrollutvalet fekk i sitt møte 01.desember 2021 ei orientering om reglement for folkevalde i Ålesund kommune, presentasjonen brukt i orienteringa vart lagt ved møteprotokollen. I samband med den orienteringa kom det fram at det vart arbeidd med internkontrollrutiner knytt til frikjøpsordninga.

Sekretariatet har bedt leiar for politisk sekretariat om ein status og får følgjande svar: I etterkant av sist møte i Kontrollutvalet, diskuterte vi internt korleis få frikjøpsordninga – og dei det gjeld – inn i eit system som gjer at vi kan ha god nok oversikt. Vi enda opp med at dei har starta opp, kome (godt) i gong, og har på ulikt vis fulgt opp med å informere oss. Derfor tok vi ikkje ei standardløysing på anna vis enn at eg sende epost til ein og ein med følgjande spørsmål:

*Oversikt over stilling/verv i samband med frikjøp som folkevald i Ålesund kommune
I kraft av at du har vald å vere frikjøpt i XX % stilling i samband med dine verv som folkevald i Ålesund kommune, plikter kommunen å halde oversikt over korleis ressursen vert nytta. Vi ber deg derfor gi oss ei kort tilbakemelding på:*

- 1. Kva verv / stilling hadde du før frikjøp, og på kva måte tilpasser du dine oppgåver for å kunne følge opp frikjøpet (til dømes attest på redusert stilling frå arbeidsgjevar)*
- 2. Kva oppgåver du ivaretek i kraft av frikjøpet (medlemskap i folkevalde organ, medlemskap, styreverv, utval, møteverksemd, representasjon og anna).*

Dokumentasjon vil lagrast på personalmappa di i kommunen sitt arkivsystem

Vedlegg

Svar på spørsmål om tilbakemelding til kontrollutvalet knytt til internkontroll frikjøp

Emne: SV: Tilbakemelding til kontrollutvalet knytt til internkontroll

Til: Solveig Kvamme <solveig.kvamme@sksiks.no>

Sendt: 25.05.2022 08:56:19

Fra: Dagrun Lorgen Jensen <Dagrun.Lorgen.Jensen@alesund.kommune.no>

Hei Solveig,

Beklager at eg ikkje har svart før no, men her kjem ei kort redegjersle. I etterkant av sist møte i Kontrollutvalet, diskuterte vi internt korleis få frikjøpsordnnga – og dei det gjeld – inn i eit system som gjer at vi kan ha god nok oversikt. Vi enda opp med at dei har starta opp, kome (godt) i gong, og har på ulikt vis fulgt opp med å informere oss. Derfor tok vi ikkje ei standardløyning på anna vis enn at eg sende epost til ein og ein med følgande spørsmål:

OVERSIKT OVER STILLING / VERV I SAMBAND MED FRIKJØP SOM FOLKEVALD I ÅLESUND KOMMUNE

*I kraft av at du har vald å vere frikjøpt i **XX % stilling** i samband med dine verv som folkevald i Ålesund kommune, plikter kommunen å halde oversikt over korleis ressursen vert nytta. Vi ber deg derfor gi oss ei kort tilbakemelding på:*

- 1. **Kva verv / stilling hadde du før frikjøp, og på kva måte tilpasser du dine oppgåver for å kunne følge opp frikjøpet (til dømes attest på redusert stilling frå arbeidsgjevar)***
- 2. **Kva oppgåver du ivaretek i kraft av frikjøpet (medlemskap i folkevalde organ, medlemskap, styreverv, utval, møteverksemd, representasjon og anna).***

Dokumentasjon vil lagrast på personalmappa di i kommunen sitt arkivsystem.

Så hadde vi allereie ein del dokumentasjon på nokre av medlemmane. Og her sende eg dei denne informasjonen, slik at dei skulle hugså kva dei hadde levert allereie.

Etter dette har eg fått svar, som eg ønska, og desse er lagra i Arkivsystemet vårt som personalmappe. Det er nok ikkje alle som har levert like mykje, men det er på ein måte deira val tenker eg.

Vh,
Dagrun

Dagrun Lorgen Jensen

Tlf +47 99620629

-

Fra: Solveig Kvamme <solveig.kvamme@sksiks.no>
Sendt: fredag 20. mai 2022 12:05
Til: Dagrun Lorgen Jensen <Dagrun.Lorgen.Jensen@alesund.kommune.no>
Emne: VS: Tilbakemelding til kontrollutvalet knytt til internkontroll

Gløymde og sei at eg skulle gjerne hatt det seinast førstkommande tysdag... (utsending av sakspapir onsdag)

Solveig

Fra: Solveig Kvamme
Sendt: fredag 20. mai 2022 11:20
Til: Dagrun Lorgen Jensen (Dagrun.Lorgen.Jensen@alesund.kommune.no)
<dagrun.lorgen.jensen@alesund.kommune.no>
Emne: Tilbakemelding til kontrollutvalet knytt til internkontroll

Hei

Viser til telefonsamtale.

I kontrollutvalet sitt møte 1. desember 2021 gav du ei orientering til kontrollutvalet knytt til frikjøpsordninga for folkevalde i Ålesund kommune.

Kontrollutvalet spurte om kva rutiner de har knytt til det å sjekke ut om dei som er frikjøpte reduserer si stilling tilsvarande. Då var svaret at det vert arbeidd med å få på plass gode internkontrollrutiner knytt til frikjøpsordninga.

Det er fint om du kan gje kontrollutvalet ei tilbakemelding på dette, om de har laga ei skrifteleg rutine så kan det sikkert vere greitt for kontrollutvalet å vere kjent med den.

Om du kan skrive nokre setningar om dette så kan eg ikkje sjå at du treng å stille i møtet 2. juni. Om leiar likevel ynskjer at du er der, så skal eg seie i frå. Evt at vi koplær deg opp på Teams.

Solveig Kvamme

Rådgivar

Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

Tlf 90 74 13 99

e-post: post@sksiks.no

www.kontrollutval.no

Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
MS 12/22	Ålesund kontrollutval	02.06.2022

Henvending med spørsmål om lovlighetskontroll

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunn:

Kontrollutvalet v/leiar fekk 18.05.2022 ein e-post frå Fagforbundet v/Nordstrand der han stiller spørsmål ved om oppfølginga av vedteken økonomiplan er rett og ber om at kontrollutvalet gjer ein lovlighetskontroll av vedtaket.

Fagforbundet v/Nordstrand fekk 23.05.2022 vedlagte svar frå sekretariatet om at henvendinga er motteken og vert lagt fram for kontrollutvalet.

Når det gjeld lovlighetskontroll av vedtak så er det Statsforvaltaren som har mynde til å utøve det.

Kontrollutvalet bør vurdere om der er sider ved det henvendinga tek opp som utvalet ynskjer å sjå nærare på i eit seinare møte.

Vedlegg

Henvending frå hovudtillitsvalgt med spørsmål om lovlighetskontroll av vedtak
Svar på henvending om lovlighetskontroll av vedtak

Til Kontrollutvalget i Ålesund kommune /v Leder

Bente Bruun og øvrige medlemmer.

Dato: 13.05.22

Bakgrunn for saken:

Ålesund Brannvesen / v Styret sendte inne sak til kommunestyret **sak 226/21** som seier følgende:

Styret vedtar økonomiplan for 2022 – 2025 med det nødvendige kutt på 3,818 mill i rammen for 2022, men ber likevel Ålesund kommunestyre finne midler til å styrke rammen med ønsket tiltak for å utjevne brannmannstillegg deltid.

Styret videresender saken til Ålesund kommunestyre og tilrår følgende:

Ålesund kommunestyre vedtar økonomiplan 2022-2025 inklusivt ønsket tiltak for å utjevne brannmannstillegg deltid.

Manglende oppfølging av vedtak

Fagforbundet / v Hovedtillitsvalgt ber om at Kontrollutvalget gjør en juridisk vurdering av sak **226/21** opp mot sak **227/21 – Økonomiplan 2022-2025** i henhold til kommune loven jf. § 23-2 (a-e).

Ålesund kommunestyret har ikke fulgt opp sitt eget vedtak, jf. sak 226/21 bevilgning av økt ramme.

Fagforbundet /v hovedtillitsvalgt ber kontrollutvalget sjekket lovligheten bak vedtaket, og om det er i tråd med kommuneloven.

Fagforbundet / v Hovedtillitsvalgt er av den forståelse at Ålesund kommunestyret vedtok enstemmig sak **226/21**, men la ikke pengene inn i sak **227/21 økonomi og handlingsplan for 2022-2025.**

- Det er ønskelig med et svar etter forvaltningsloven §11. a

Med vennlig hilsen

Hovedtillitsvalgt Fagforbundet

Frode Nordstrand.

Vedlegg: Møteprotokoll 25.11.21

Fagforbundet Ålesund
Frode Nordstrand

Dykkars ref.

Vår ref.
22/90

Dato
23.05.2022

Henvending om lovlighetskontroll av vedtak

Sunnmøre kontrollutvalssekretariat IKS har på vegne av Ålesund kontrollutval motteke henvendinga di, datert 13.05.2021. Alle henvendingar til kontrollutvalet vert journalførte som innkomen post med namn på avsendar(-ar).

Henvendinga di vert lagt fram for kontrollutvalet til vurdering. Om kontrollutvalet vel å gå nærare inn på det som henvendinga gjeld, vil du kunne sjå i møteprotokollen som du finn på heimesida vår. www.kontrollutval.no/alesund
Ut over dette vil du ikkje få noko meir svar frå kontrollutvalet på henvendinga di.

Vi gjer deg merksam på at kontrollutvalet kun har plikt til å behandle dei saker som kommunestyret ber dei om eller der det går fram av forskrift om revisjon i kommunar. Når det gjeld henvendingar frå andre enn kommunestyret eller revisjonen, må kontrollutvalet sjølv vurdere om dei vil prioritere å sjå nærare på det ei henvending tek opp.

På generelt grunnlag kan vi seie at det er utanfor kontrollutvalet sitt mandat og reglement å behandle henvendingar som gjeld klagesaker, lovlegheitskontroll, saker som er til behandling i rettsapparatet, usemje i politiske vedtak eller varsel etter Arbeidsmiljøloven kap. 2a.

Med helsing
Solveig Kvamme
Rådgjevar SKS IKS

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til
Bente Bruun

Postadresse

Postboks 7881 Spjelkavik
6022 Ålesund

Besøksadresse

Lerstadvegen 545
6022 Ålesund

Telefon

92 61 17 35 (Bjørn)
90 74 13 99 (Solveig)

Org.nr

889 117 192

E-post

post@sksiks.no